

Medlemene vert med dette kalla inn til møte.

Varamedlemer får innkallinga, møter berre etter særskild innkalling.

Vert du av lovlege grunnar hindra i å møte, må du melde frå til Anne Liv Lidtveit på tlf. 379 37 526/993 86 630 eller e-post post@kaaiks.no

Valle, 10.06.2015

*Innkalling til møte i KIKS - Representantskapet
fredag 19.06.2015 kl. 15:00 i Utsikten hotell, Kvinesdal*

Til handsaming:

Saksnr	Innhold
PS 1/15	Orienteringssaker
PS 2/15	Val av nytt styremedlem for denne valperioden
PS 3/15	Val av valnemnd
PS 4/15	Styreinstruks Konesjonskraft IKS
PS 5/15	Gjennomføring av representantskapsmøte 2015
PS 6/15	Revidering av strategiplan og grunnleggande etiske prinsipp 2015 - 2020
PS 7/15	Finansreglement revidering vår 2015
PS 8/15	Revidering av risikostrategi 2015
PS 9/15	Budsjettrevisjon juni 2015
PS 10/15	Årsmelding og årsrekneskap 2014

Reidar Saga
leiar

Arne Tronsen
dagleg leiar

Saksnr	Innhold
PS 1/15	Orienteringssaker
PS 2/15	Val av nytt styremedlem for denne valperioden
PS 3/15	Val av valnemnd
PS 4/15	Styreinstruks Konesjonskraft IKS
PS 5/15	Gjennomføring av representantskapsmøte 2015
PS 6/15	Revidering av strategiplan og grunnleggande etiske prinsipp 2015 - 2020
PS 7/15	Finansreglement revidering vår 2015
PS 8/15	Revidering av risikostrategi 2015
PS 9/15	Budsjettrevisjon juni 2015
PS 10/15	Årsmelding og årsrekneskap 2014

PS 1/15 Orienteringssaker

Saksframlegg

Konsesjonskraft IKS

<i>Saksnummer</i>	<i>Utv</i>	<i>Møtedato</i>
2/15	KIKS - Representantskapet	19.06.2015

Val av nytt styremedlem for denne valperioden

Dagleg leiar tilrår:

Representantskapet nemner opp nytt styremedlem

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn for saka

Styreleiar Bjørgulv Sverdrup Lund opplyste på representantskapsmøte 13/12 2014 at han ville trekke seg som styreleiar og styremedlem grunna overgong til ny stilling.

2. Saksopplysningar

Styret har akseptert dette og konstituert seg på nytt: Gro Anita Mykjåland, styreleiar og Terje Damman, nestleiar.

I samsvar med gjeldande selskapsavtale har administrasjonen har bede Aust-Agder fylkeskommune om å kome med forslag til nytt styremedlem.

Forslaget frå Aust-Agder fylkeskommune er Torunn Ostad som nytt medlem.

3. Vurdering

I samsvar med selskapsavtalen ber dagleg leiar representantskapet om å nemne opp nytt styremedlem for denne valperioden

Valle, den 09.06.2015

Arne Tronsen
dagleg leiar

Saksmappenr:2015/8 -1

Arkiv:

Sakshandsamar: Anne Liv Lidtveit

Saksframlegg

Konsesjonskraft IKS

<i>Saksnummer</i>	<i>Utvål</i>	<i>Møtedato</i>
3/15	KIKS - Representantskapet	19.06.2015

Val av valnemnd

Dagleg leiar tilrår:

Saka blir sendt ut utan tilråding.

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn for saka

Det fylgjer av selskapsavtalen § 8 at representantskapet skal velje valnemnd til styret. Dette skal gjerast på representantskapsmøtet i juni ved kvart kommunevalår.

2. Saksopplysningar

Valnemnda skal bestå av tre medlemmer. Ordlyden i føresegna er som fylgjer:

§ 8 – Valnemnd til styret

Valnemnda skal bestå av tre medlemmer, og blir valt av representantskapet på møtet i juni i kvart kommunevalår. Valnemnda har som oppgåve å fremje forslag for representantskapet i desember same år på nytt styre etter valet.

Valnemnda vel sin eigen leiar.

Funksjonstida er over når nytt styre er valt.

3. Vurdering

Valle, den 09.06.2015

Arne Tronsen
dagleg leiar

Saksframlegg

Konsesjonskraft IKS

<i>Saksnummer</i>	<i>Utval</i>	<i>Møtedato</i>
11/15	KIKS - Styret	23.01.2015
4/15	KIKS - Representantskapet	19.06.2015

Styreinstruks Konsesjonskraft IKS

Dagleg leiar tilrår:

Saka vert lagt fram for drøfting.

Saksprotokoll i KIKS - Styret - 23.01.2015

Handsaming:

Dagleg leiar orienterte.
Saka blei drøfta.

Styret skal ha styreevaluering neste styremøte.

Vedtak:

Styreinstruksen blei samrøystes vedtatt.

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn for saka

Det framgår av gjeldande instruks at denne skal evaluerast og eventuelt reviderast ein gong i kvar valperiode. Dette kan gjerne gjerast samstundes som styret gjennomfører eigenevaluering.

2. Saksopplysningar

Gjeldande instruks og selskapsavtale følgjer vedlagt.

3. Vurdering

Det er naturleg å revidere instruksen i samsvar med bestemmelsane om styrets oppgåver i den nye selskapsavtalen.

Dagleg leiar ønskjer å gå gjennom selskapsavtalen saman med styret i møtet.

Valle, den 13.01.2015

Arne Tronsen
dagleg leiar

Vedlegg

- 1 Gjeldande instruks
- 2 Styreinstruks vedtatt av styret

Styreinstruks Konesesjonskraftfondet for Aust-Agder IKS

1. Styrearbeidet i Konesesjonskraftfondet for Aust-Agder IKS skal følgje denne styreinstruksen. Styret kan i einskildsaker vedtake å sjå vekk frå denne instruksen.
2. Møteplan, innkalling med meir.

Styreleiar skal saman med dagleg leiar ein gong i året sette opp framlegg til møteplan og hovudagenda for komande styremøte. Møteplanen vert vedteken av styret i samsvar med gjeldande årshjul.

Styret skal innkallast skriftleg og med tilfredsstillande varsel (normalt 5 vyrkedagar), avhengig av kva for styresaker som skal handsamast. Innkallinga skal innehalde dagsorden som syner kva for saker som skal handsamast.

Styremedlem som ikkje kan deltake på styremøte, skal så snart som råd varsle dagleg leiar som er ansvarleg for å kalle inn vararepresentantar. Saksdokumenta skal og sendast til vararepresentantane.

3. Saksførebuing og dokumentasjon

Styreleiar er ansvarleg for å sette dagsorden og syte for at dagleg leiar førebur og dokumenterer styresakene på ein forsvarleg måte. Saksdokumenta skal innehalde eit tilfredsstillande avgjerdsgrunnlag og framlegg til vedtak frå dagleg leiar.

4. Handsaming i møte

Styret kan gjere vedtak når meir enn halvdel av medlemmene er tilstades i møtet. Vedtak krev fleirtal av dei som deltek i handsaminga; dersom det er like røystetal har leiar eller fungerande styreleiar dobbeltrøyst

- 5 Styrehandsaming utan møte

Når det er naudsynt og forsvarleg, kan saker handsamast utan møte; gjennom telefonkonferanse eller slik styreleiar avgjer.

Viktige saker kan ikkje handsamast utan møte dersom det ikkje ligg føre sakleg grunn, sjå vedteken risikostategi.

- 6 Styresaker og styrets avgjerdsrett

Styret gjer vedtak i saker som er av vesentleg eller stor betydning. Styret fører tilsyn med at selskapet vert drive i samsvar med vedtak gjort av representantskap/styre, gjeldande vedtekter/selskapsavtale og lovverk.

Styreleiar skal:

- saman med nestleiar gjennomføre årleg lønssamtale med dagleg leiar
- gjennomføre årleg utviklingssamtale med dagleg leiar
- ha den løpande oppfølginga og kontakt med dagleg leiar (leiaravtale?)
- føre tilsyn med dagleg leiar
- Sette dagsorden for styremøte og følgje opp dagleg leiar i saksførebuingane
- ha møteplikt i representantskapsmøte.

Styret skal:

- vedtake delegasjonsreglement for dagleg leiar
- halde seg orientert om selskapets økonomiske status og sjå til at rekneskapen og forvaltninga av eignelutane er under god kontroll.
- syte for forsvarleg organisering av selskapet når det gjeld rekneskapsfunksjon,
- internkontroll, varslingsrutiner og budsjettering.
- fastsetje mål og rammer for selskapet og syte for at desse vert handsama i representantskapet.
- gje fullmakt til gjennom signatur å binde selskapet
- følgje opp budsjettet og likviditeten
- følgje opp selskapets risikostrategi og å halde denne levande gjennom drøftingar i styre og representantskap og gjere naudsynte/tenlege endringar.
- syte for at selskapets samla verksemd er i samsvar med gode etiske retningslinjer

Desse sakene skal handsamast i styret:

- tilsetjing/oppseiing av dagleg leiar
- framlegg til strategiplanar
- framlegg til årsrekneskap, årsmelding og revisjonsmelding
- saker av uvanleg karakter eller storleik.
- vedtake og underteikne årsrekneskapen.

Det vert og vist til gjeldande selskapsavtale.

Styreinstruksen og styrearbeidet skal evaluerast ein gong i løpet av kvar valperiode.

Valle, 21. mars 2011

Bjørgulv Sverdrup Lund

Kay A. Jeiskelid

Oddvar Skaiaa

Nina Skiftenes

Margit Smeland



Instruks for styret

1. Innleiing

Styrearbeidet i Konesjionskraft IKS skal følgje denne styreinstruksen. Styret kan i einskildsaker vedtake å sjå vekk frå denne instruksen.

Styreinstruksen og styrearbeidet skal evaluerast ein gong i løpet av kvar valperiode

2. Møteplan, innkalling med meir.

Styreleiar skal saman med dagleg leiar ein gong i året sette opp framlegg til møteplan og hovudagenda for komande styremøte. Møteplanen vert vedteken av styret i samsvar med gjeldande årshjul.

Styret skal innkallast skriftleg og med tilfredsstillande varsel (normalt 5 verkedagar), avhengig av kva for styresaker som skal handsamast. Innkallinga skal innehalde dagsorden som syner kva for saker som skal handsamast.

Styremedlem som ikkje kan delta på styremøte, skal så snart som råd varsle dagleg leiar som er ansvarleg for å kalle inn vararepresentantar. Saksdokumenta skal og sendast til vararepresentantane.

3. Saksførebuing og dokumentasjon

Styreleiar er ansvarleg for å sette dagsorden og syte for at dagleg leiar førebur og dokumenterer styresakene på ein forsvarleg måte. Saksdokumenta skal innehalde eit tilfredsstillande avgjerdsgrunnlag og framlegg til vedtak frå dagleg leiar.

4. Handsaming i møte

Styret kan gjere vedtak når meir enn halvdel av medlemmene er til stades i møtet. Vedtak krev fleirtal av dei som deltek i handsaminga; dersom det er like røystetal har leiar eller fungerande styreleiar dobbeltrøyst

5. Styrehandsaming utan møte

Når det er naudsynt og forsvarleg, kan saker handsamast utan møte; gjennom telefonkonferanse eller slik styreleiar avgjer.

Viktige saker kan ikkje handsamast utan møte dersom det ikkje ligg føre sakleg grunn, sjå vedteken risikostategi.

6. Styresaker og styrets avgjerdsmynd

Styret gjer vedtak i saker som er av vesentleg eller stor avgjerd. Styret fører tilsyn med at selskapet vert drive i samsvar med vedtak gjort av representantskap/styre, gjeldande vedtekter/selskapsavtale og lovverk.

7. Styreleiar skal:


- Saman med nestleiar gjennomføre årleg lønssamtale med dagleg leiar
- Gjennomføre årleg utviklingsamtale med dagleg leiar
- Ha den løpande oppfølginga og kontakt med dagleg leiar
- Førre tilsyn med dagleg leiar
- Sette dagsorden for styremøte og følgje opp dagleg leiar i saksførebuingane
- Ha møteplikt i representantskapsmøte

8. Styret skal:

- Vedtake delegasjonsreglement for dagleg leiar
- Halde seg orientert om selskapets økonomiske status og sjå til at rekneskapen og forvaltninga av eignelutane er under god kontroll
- Syte for forsvarleg organisering av selskapet når det gjeld rekneskapsfunksjon, internkontroll, varslingsrutiner og budsjettering
- Fastsetje mål og rammer for selskapet og syte for at desse vert handsama i representantskapet
- Gje fullmakt til gjennom signatur å binde selskapet
- Følgje opp budsjettet og likviditeten
- Følgje opp selskapets risikostrategi og å halde denne levande gjennom drøftingar i styre og representantskap og gjere naudsynte/tenlege endringar
- Syte for at selskapets samla verksemd er i samsvar med gode etiske retningslinjer

9. Desse sakene skal handsamast i styret:

- Tilsetjing/oppseiing av dagleg leiar
- Framlegg til strategiplanar
- Framlegg til årsrekneskap, årsmelding og revisjonsmelding
- Saker av uvanleg karakter eller storleik
- Vedtake og underteikne årsrekneskapen.


Bjørgulv Sverdrup Lund


Gro-Anita Mykjåland


Terje Damman


Jon Rolf Næss


Torhild Brandsdal


Mari Mykland


Arne Austenå

Saksframlegg

Konsesjonskraft IKS

<i>Saksnummer</i>	<i>Utval</i>	<i>Møtedato</i>
5/15	KIKS - Representantskapet	19.06.2015

Gjennomføring av representantskapsmøte 2015

Leiaren tilrår:

Representantskapsmøte desember 2015 vert gjennomført som eit møte/seminar over to dagar.

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn for saka

Saka har vore drøfta i styret og leiar for representantskapet finn det tenleg å take saka opp med representantskapet.

Det vil og vere naturleg at kvart representantskapet sjølv avgjer korleis eigne møte skal leggjast opp.

2. Saksopplysningar

Økonomiske rammer:

I budsjett 2015 er det lagt opp til gjennomføring av to representantskapsmøte med overnatting.

Dagsorden:

Kvart representantskapsmøte har idag tre bolkar:

- 1) Eksterne orienteringar om finans og kraftmarknad
- 2) Styreleiar og dagleg leiar rapporterar om arbeidet med risikostrategi, strategiplan og krafthandel.
- 3) Eigarsaker

Målsetting:

Representantskapsmøta skal vere ein god arena for eigarstyring gjennom systematisk kompetansedeling og god rapportering.

3. Vurdering

Leiar for representantskapet meiner at noverande møteopplegg for representantskapet fungerer godt og fungerer som arena for eigarstyring.

I drøftingar i styret er det peika på at noverande ordning med to todagers møte kvart år ikkje bør vidareførast.

Leiar for representantskapet legg fram slik skisse til framtidig ordning:

Det bør framleis gjennomførast to representantskapsmøte årleg.

Minst to ganger i den kommunale valperioden bør det gjennomførast representantskapsmøte kombinert med fagseminar- lunsj til lunsj.

I desember i år 1 og år 3.

Grunngjeving:

Desembermøtet i år 1 er det første representantskapsmøtet; det er då viktig å sette av tid til kompetansedeling med sikte på aktiv eigarstyring.

Desembermøtet i år 3 er godt eigna for strategiske drøftingar.

Leiar for representantskapet tek ikkje stode til om representantar skal inviterast med følgje, men peikar på at Landssamanslutninga av vasskraftkommunar i samband med landsmøte annakvart år inviterer med følgje og eige program for dei det gjeld.

Meirkostnader vert då å dekkje privat.

Leiar for representantskapet synest at kvart representantskap tek stode til dette i det første møtet i valperioden

Valle, den 09.06.2015

Reidar Saga

Leiar i representantskapet

Saksframlegg

Konsesjonskraft IKS

<i>Saksnummer</i>	<i>Utval</i>	<i>Møtedato</i>
31/15	KIKS - Styret	10.04.2015
6/15	KIKS - Representantskapet	19.06.2015

Revidering av strategiplan og grunnleggande etiske prinsipp 2015 - 2020

Dagleg leiar tilrår:

Strategiplan og grunnleggande etiske prinsipp 2015 – 2020 blir vedtatt av styret.

Saksprotokoll i KIKS - Styret - 10.04.2015

Handsaming:

Dagleg leiar orienterte.

Styreleiar orienterte.

Vedtak:

Strategiplan og grunnleggande etiske prinsipp 2015 – 2020 blir vedtatt av styret

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn for saka

Styret vedtok i styremøte 23. januar 2015 at strategiplanen skal reviderast.

2. Saksopplysningar

Styret sette ned ei arbeidsgruppe, beståande av Gro-Anita Mykjåland, Terje Damman, Torhild Bransdal og Jon Rolf Næss. Arbeidsgruppa har hatt eitt møte, 2. mars 2015, og hadde før dette møtet fått tilsendt utkast til strategiplan for kommentarar. Etter møtet er nytt, gjennomarbeidd utkast blitt tilsendt, og arbeidsgruppa har kome med merknader.

Av større endringar/ presiseringar, kan nemnast:

Ein har vurdert at namnet på dokumentet bør innehalde «etiske prinsipp», då dette står fram som ein viktig del av dokumentet. Ein har vidare halde fast på den overordna målsettinga. Av delmål er risikostyring kome inn som fyrste delmål. Vidare er det føreslått at KIKS skal vere

opne for å utvide den geografiske virkekrinsen, men at det skal vere vilkår om at kommunane og fylkeskommunen kjem i fellesskap, slik som med Vest-Agder-prosessen.

3. Vurdering

Med bakgrunn i møte og kommentarar legg arbeidsgruppa vedlagte strategiplan og grunnleggande etiske prinsipp 2015 – 2020 fram for styret for vedtak.

Valle, den 30.03.2015

Arne Tronsen
dagleg leiar

Vedlegg

1 Strategiplan og grunnleggande etiske prinsipp 2015 - 2020



KONSESJONSKRAFT IKS
– vaktar rettane og tek vare på verdien

STRATEGIPLAN OG GRUNNLEGGANDE ETISKE PRINSIPP 2015-2020

Konsesjonskraft IKS

- Vaktar og forsvargar deltakarane sine rettar
- Tek vare på verdien og fører den attende til deltakarane



Dam Skjerka, Åseral kommune

Utkast mars 2015

FUNDAMENT

Verdiar

KIKS står for

- Truverde – KIKS skal vere open og ærleg
- Kvalitet – KIKS skal arbeide for å bli betre i alle ledd
- Tryggleik – KIKS skal vere godt budd på alle mulege hendingar

Side | 2

Etiske prinsipp

Tilsette og folkevalde skal:

- etterleve lover, reglar og menneskerettar
- stå fram ærleg og heiderleg
- syte for at KIKS står fram som ope, påliteleg og transparent
- ikkje gjere noko som kan skade truverdet til KIKS
- ikkje take mot eller gje gåver som kan påverke integriteten til KIKS
- ikkje nytte konfidensiell informasjon for å oppnå urettmessige fordelar på eigne eller på KIKS sine vegne

MÅL

Konsesjonskraft IKS skal vere ein leiande nasjonal forvaltar av konsesjonskraftrettane

DELMÅL

KIKS skal

- ha den administrative og operative risikoen under kontroll til ei kvar tid, både kortsiktig og langsiktig risiko.
- trygge konsesjonskraftordninga som kommunal og fylkeskommunal rett
- trygge verdien av konsesjonskraftordninga
- sikre deltakarane påreknelege og gode inntekter
- byggje kompetanse i alle ledd, frå administrasjon, styret, representantskap, deltakarkommunane og i skuleverket
- utvikle tenestemenyen innafor hydrologi, vilkårsrevisjonar, vassdirektiv, anten i IKS-et eller i eige dotterselskap
- Vere opne for utviding av den geografiske verkekrinsen, gjennom kommunar og fylkeskommunar i fellesskap.

TILTAK

Ha den administrative og operative risikoen under kontroll til ei kvar tid, både kortsiktig og langsiktig risiko.

KIKS skal

- ha oversikt over alle risikofaktorar og sette i verk tiltak for å kontrollere desse

Side | 3

Trygge konsesjonskraftordninga som kommunal og fylkeskommunal rett

KIKS skal

- orientere kommunestyre og fylkesting om status og utfordringar
- halde seminar, gjerne saman med Landssamanslutninga av vasskraftkommunar (LVK) og Samarbeidande kraftfylke, for Agderbenken og Energi- og miljøkomiteen på Stortinget
- synleggjere utfordringar som KIKS står overfor i aktuelle fora i landsdelen
- ha jamleg kontakt med Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE), og gjennomføre møte med NVE og departementet når det er tenleg eller naudsynt

Trygge verdien av konsesjonskraftordninga

KIKS skal

- bruke heimesida til å spreie nøkkelinfo og kunnskap om kor viktig vasskrafta er for kommunar og fylkeskommunar
- nytte hydrologisk og/eller juridisk ekspertise for å kvalitetssikre grunnlaget for viktige avgjerder
- vere oppdatert på planlagde utbyggingar og revisjonar med verknad for konsesjonskraftvolumet og/eller kommunane sitt skatteproveny
- byggje nettverk

Sikre deltakarane påreknelege og gode inntekter

KIKS skal

- halde gjeldande risikostrategi levande og evaluere/ endre denne jamleg

Byggje kompetanse i alle ledd, frå administrasjon, styret, representantskap, deltakarkommunane og i skuleverket

KIKS skal

- trygge og utvikle administrativ og fagleg kompetanse
- syte for styreopplæring, som fast punkt i kvart styremøte
- utvikle eit samarbeid med kompetanseleverandørar som gjev meirverdi både til KIKS og leverandørar
- gjennomføre seminar med aktuelle tema for tilsette i deltakarkommunane
- utarbeide og gjennomføre eit pedagogisk opplegg for ungdomsskuleelevane på Agder
- samarbeide med LVK om prioriterte utfordringar
- ha god kunnskap om vassdragsutbygginga med hovudfokus på eigen geografisk virkekrans

Utvikle tenestemenyen med mellom anna kunnskap i hydrologi, vilkårsrevisjonar, vassdirektiv, anten i IKS-et eller i eige dotterselskap

KIKS skal

- starte på opplæring i hydrologi, i samarbeid med eksterne kompetansemiljø
- vere oppdatert på vanndirektivet
- bidra i oppfølging av revisjon av gjevne konsesjonar

Side | 4

Vere opne for utviding av den geografiske verkekrinsen

KIKS skal

- vere opne for å diskutere muleg vidare utviding dersom vi får ein slik førespurnad, med vilkår om at konsesjonskraftkommunar og fylkeskommunen blir deltakarar i fellesskap



KONSESJONSKRAFT IKS

– vaktar rettane og tek vare på verdien

Konsesjonskraft IKS

Kommunehuset

Postboks 4

4747 Valle

post@konsesjonskraft.no

telefon 37 93 75 00

Saksframlegg

Konsesjonskraft IKS

<i>Saksnummer</i>	<i>Utval</i>	<i>Møtedato</i>
45/15	KIKS - Styret	05.06.2015
7/15	KIKS - Representantskapet	19.06.2015

Finansreglement revidering vår 2015

Dagleg leiar tilrår:

Finansreglementet blir vedtatt.

Saksprotokoll i KIKS - Styret - 05.06.2015

Handsaming:

Dagleg leiar og rådgjevar Stein Magne Schanke orienterte.

Tilrådinga blei samrøystes vedtatt.

Vedtak:

Finansreglementet blir vedtatt.

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn for saka

Konsesjonskraft IKS skal ha eit finansreglement som styringsdokument for finans forvaltning. Finansreglement skal vedtakas av representantskapet kvar periode og legg ramma for styrets utarbeiding av finansstrategi.

2. Saksopplysningar

Finansreglementet er eit overordna dokument som sett rammar for kva styret kan ha i finansstrategien. Representantskapet sett eit avkastningsmål på reservekapitalen som gjev styret eit klart utgangspunkt for utarbeiding av finansstrategi.

3. Vurdering

Gjennom ei deling av finansreglement og finansstrategi sikrar vi at Konsesjonskraft IKS får eit godt utarbeid verktøy for finansforvaltning.

Det føreslåtte finansreglement er enkelt og gjev styret mulegheit til å vedta endringar i finansstrategien om nødvendig.

Valle, den 29.05.2015

Arne Tronsen
dagleg leiar

Vedlegg

1 Finansreglement utkast vår
2015



KONSESJONSKRAFT IKS

– vaktar rettane og tek vare på verdien

REGLEMENT FOR FINANSFORVALTNING



Flyfoto Bjelland

Dam Bjelland, Marnadal kommune

Utkast mai 2015



Finansreglementets virkeområde og hensikt

Reglementet gjelder for Konesjionskraft IKS.

Side | 2

Reglementet skal gi rammer og retningslinjer for Konesjionskraft IKS finansforvaltning. Reglementet utgjør en samlet oversikt over de rammer og begrensninger som gjelder, og underliggende rutiner skal hjemles i reglementet. Reglementet definerer de avkastnings- og risikonivå som er akseptable for plassering og forvaltning av likvide midler og midler beregnet for driftsformål, og plassering og forvaltning av langsiktige finansielle aktiva.

Hjemmel og gyldighet

Hjemmel

Dette reglementet er utarbeidet på bakgrunn av:

- Lov om kommuner og fylkeskommuner av 25. september 1992, § 52
- Forskrift om kommuners og fylkeskommuners finansforvaltning fastsatt av KRD 9.juni 2009.
- Selskapsavtalen § 5, 10.ledd, punkt 4.

Gyldighet

- Reglementet trer i kraft fra og med 1. juli 2015. Finansreglementet skal vedtas minst én gang i hver representantskapsperiode.
- Dette reglementet med tilhørende rutiner erstatter alle tidligere regler og instruksjoner som styret eller annet politisk organ har vedtatt for Konesjionskraft IKS finansforvaltning.

Forvaltning og forvaltningstyper

I samsvar med bestemmelsene i forskriften om kommuners og fylkeskommuners finansforvaltning skal reglementet omfatte forvaltningen av alle Konesjionskraft IKS finansielle aktiva (plasseringer).

Gjennom dette finansreglementet er det vedtatt målsettinger, strategier og rammer for:

- Forvaltning av ledig likviditet og andre midler beregnet for driftsformål.
- Plassering og forvaltning av Konesjionskraft IKS langsiktige finansielle aktiva.



Formålet med Konesjonskraft IKS finansforvaltning

Finansforvaltningen har som overordnet formål å sikre en rimelig avkastning samt stabile og lave netto finansieringskostnader for Konesjonskraft IKS aktiviteter innenfor definerte risikorammer. Dette søkes oppnådd gjennom følgende delmål:

- Konesjonskraft IKS skal til en hver tid ha likviditet (inkludert trekkrettigheter) til å dekke løpende forpliktelser.
- Plassert overskuddslikviditet skal over tid gi en god og konkurransedyktig avkastning innenfor definerte krav til likviditet og risiko, hensyntatt tidsperspektiv på plasseringene.
- Forvaltning av langsiktige finansielle aktiva skal gi en god langsiktig avkastning til akseptabel risiko.

Generelle rammer og begrensninger

- Representantskapet skal selv gjennom fastsettelse av dette finansreglement, ta stilling til hva som er tilfredsstillende avkastning og vesentlig finansielle risiko, jfr. kommunelovens § 52.
- Reglementet skal baseres på Konesjonskraft IKS egen kunnskap om finansielle markeder og instrumenter.
- Representantskapet delegerer til styret å ta stilling til prinsipielle spørsmål om finansforvaltningen igjennom finansstrategien.
- Det tilligger styret med hjemmel i dette finansreglement, å utarbeide nødvendige fullmakter/instrukser/rutiner for de enkelte forvaltningsformer som er i overensstemmelse med Konesjonskraft IKS overordnede økonomibestemmelser.
- Finansielle instrumenter og/eller produkter som ikke er eksplisitt tillatt brukt gjennom dette reglementet, kan ikke benyttes i Konesjonskraft IKS finansforvaltning.
- I forvaltningen skal det så langt som råd er tas etiske hensyn. Dette skal vektlegges ved valg av kapitalforvaltere.
- Konesjonskraft IKS kan i sin finansforvaltning benytte seg av andre finansielle instrumenter, såkalte avledede instrumenter/derivater. Slike instrumenter skal være konkret angitt under de enkelte forvaltningsformer og må benyttes innenfor risikorammene for underliggende aktiva og skal inngå ved beregning av finansiell risiko.
- Konkrete rammer for forvaltning av henholdsvis Konesjonskraft IKS midler til driftsformål (inkl. ledig likviditet) og langsiktige aktiva omtales i fortsettelsen hver for seg.



Forvaltning av Konesjonskraft IKS kortsiktige finansielle aktiva

Representantskapet delegerer til styret forvaltning av Konesjonskraft IKS kortsiktige finansielle aktiva.

Side | 4

Den kortsiktige finansielle aktiva er ledige likvider og andre midler beregnet for driftsformål, utover hva som trengs til dekning av Konesjonskraft IKS løpende forpliktelser de nærmeste 6 måneder.

Forvaltning av Konesjonskraft IKS langsiktige finansielle aktiva

Formål

Representantskapet delegerer til styret forvaltning av Konesjonskraft IKS langsiktige finansielle aktiva i henholdt til følgende retningslinjer.

Forvaltning av Konesjonskraft IKS langsiktige finansielle aktiva har som formål å sikre en tilfredsstillende langsiktig avkastning uten vesentlig finansiell risiko. Som langsiktige finansielle aktiva regnes ubundne fondsmidler som ikke planlegges brukt de nærmeste to årene.

Investeringsmål

- **Risikohåndtering**

For å minimere forvaltningsrisiko skal kapitalforvaltningen tilpasses prinsippene om diversifisering.

- **Likviditetsmål**

Investeringene skal skje hovedsakelig i finansielle instrumenter som har tilfredsstillende likviditet.

- **Avkastningsmål**

Det skal legges til grunn et langsiktig perspektiv for forvaltningen av midlene. Forvaltningen skal muliggjøre en årlig avkastning som skal ligge på et nivå tilsvarende pengemarkedsrenten i Norge (målt ved ST1X) +1,0 – 1,5 %, over en rullerende femårsperiode. Det er samtidig en målsetning at forvaltningen skal gi høyere avkastning enn referanseporteføljen.

Rapportering

Styret skal på hvert representantskapsmøte legge fram rapporter som viser status for forvaltningen av langsiktige finansielle aktiva.

Saksframlegg

Konsesjonskraft IKS

<i>Saksnummer</i>	<i>Utval</i>	<i>Motedato</i>
43/15	KIKS - Styret	05.06.2015
8/15	KIKS - Representantskapet	19.06.2015

Revidering av risikostrategi 2015

Dagleg leiar tilrår:

Revidert risikostrategi blir vedtatt.

Saksprotokoll i KIKS - Styret - 05.06.2015

Handsaming:

Dagleg leiar og rådgjevar Glenn Qvam Håkonsen orienterte.

Tilrådinga blei samrøystes vedtatt.

Vedtak:

Revidert risikostrategi blir vedtatt.

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn for saka

Konsesjonskraft IKS har ein risikostrategi som styringsdokument for krafthandel. Denne er sist revidert i november 2013.

Bakgrunnen for revisjonen nå er, i tillegg til formalendringar i samband med utvidinga med Vest-Agder, både eit ønskje om å ha oppdaterte styringsdokument ved inngongen av ny valperiode og eit ønskje om å endre frå kvartalsvis sikring til jamn sikring over året, i eit såkalla sikringsband. Det er denne siste endringa som blir omtalt i det fylgjande.

2. Saksopplysningar

Gjeldande risikostrategi er bygd på kvartalsvis sikring av kraftvolumet. Dette inneber at det skal sikrast eit gitt kvantum kvart kvartal, per nå 8 % av totalt kraftvolum. Innanfor kvartalet har krafthandlar fridom til å avgjere når sikringa skal gjerast.

Med den føreslåtte endringa vil sikringa ikkje vere bunden opp til kvartal, men ein ser året under eitt. Ein ser for seg ei sikringsgrad som aukar proporsjonalt kvar dag (kalla jamn sikring), men at krafthandlar har fridom til å avvike frå jamn sikring med ein viss prosentsats avgjort av dagleg leiar (sikringsband krafthandlar). Dette fordi det ikkje er formålstenleg eller fornuftig å legge opp til statisk sikring med ein viss prosentsats av porteføljen kvar dag, slik som jamn sikring i realiteten er. Går krafthandlar utover sikringsbandet, gjennom anten at det er sikra for mykje eller for lite i forhold til jamn sikring, skal krafthandlar rapportere til dagleg leiar.

Den 1. oktober før leveringsåret er utgangspunktet at sikringsgraden skal vere på 95 %. Dagleg leiar blir gitt fullmakt i risikostrategien til å avvike frå dette med inn til +/- 5%. Sikringsgraden for leveringsåret skal derfor ligge mellom 90 % og 100 %. Dagleg leiar skal rapportere til styret.

3. Vurdering

Gjennom dei føreslåtte endringane i risikostrategien, er ikkje krafthandlar lenger bunden av kvartal, men må sikre jamt over året for å oppfylle kravet til jamn sikring. Ein vil då frå dag til dag, veke til veke, osv. kunne måle sikringsgrad den aktuelle dagen opp mot jamn sikring. På denne måten sikrar ein enkel kontroll med krafthandelen, og det er enkelt for krafthandlar å rapportere avvik frå sikringsbandet vedkommande er gitt av dagleg leiar.

Den føreslåtte risikostrategien er enkelt, og forsøkt gjort eintydig og lett å forstå også for folk som ikkje arbeider med krafthandel til dagleg. Dette er viktig for å sikre at styret og representantskapet lettare skal kunne vurdere og analysere krafthandelen som blir gjort i KIKS, også på bakgrunn av rapportane som blir lagt fram.

Risikostrategien er vidare meir operasjonell enn tidlegare risikostrategi. Ein tvingar med denne strategien krafthandlar til å sikre jamt over året, mens ein teoretisk sett i den tidlegare strategien kunne handle heile kvartalsvolumet fyrste dag i kvartalet, og på den måten gjere sikringshandlar berre fire dagar i året. Dagleg leiar meiner ein med denne risikostrategien sikrar at krafthandlar i vesentleg større grad må fylgje med på marknaden for å kunne gjere gode sikringshandlar. Dette er sjølvsagt til det beste for KIKS.

Valle, den 28.05.2015

Arne Tronsen
dagleg leiar

Vedlegg

- 1 Risikostrategi - utkast mai 2015
- 2 Kommentarer og forklaringar til utkast risikostrategi



KONSESJONSKRAFT IKS

– vaktar rettane og tek vare på verdien

RISIKOSTRATEGI



Dam Sarvsfossen, Bykle kommune, oktober 2014

Utkast mai 2015

BAKGRUNN OG MÅLSETTING

Konsesjonskraft IKS (KIKS) er ein sjølvstendig deltakar i kraftmarknaden.

Målsettinga er å forvalte konsesjonskrafta med heimel i selskapsavtalen mellom deltakarane av KIKS, datert 3. september 2014 og denne risikostrategien. Side | 2

KIKS skal drive krafthandel innanfor gjevne rammer for å kunne utbetale tilfredsstillande og pårekneleg avkastning til deltakarane. KIKS må difor ta posisjonar i marknaden, noko om fører med seg risiko. Risikostrategien skal styre og regulere denne risikoen.

Styret i Konsesjonskraft IKS er ansvarleg for Risikostrategien og at den vert evaluert årleg. Styret skal to gonger i året orientere representantskapet om erfaringane med gjeldande risikostrategi, om det evalueringsarbeidet som går føre seg og eventuelle endringar.

DEFINISJONAR

KIKS kjøper konsesjonskraft frå alle kraftverka som anten ligg innanfor det geografiske området deltakarane representerer eller som nyttar regulert vatn som kjem frå fall og magasin frå dette geografiske området.

Konsesjonskrafta vert anten seld fysisk på Nordpool Spot eller fysisk bilateralt. Vidare vert det handla finansielle instrument på Nasdaq OMX og/eller inngått bilaterale finansielle avtalar. Risikostrategien styrer både den fysiske og finansielle handelen.

Viktige definisjonar for krafthandel

- Sikring Sal av framtidig fysisk kraftleveranse
- Open posisjon Differanse mellom kjøpt og selt kraftmengde. Kor mykje av den samla kraftmengda som er igjen å sikre
- Motpartsrisiko Risiko for ein kontraktmotpart ikkje kan eller vil innfri fordringane, til dømes fordi han går konkurs. Risikoen er då at KIKS tapar pengar gjennom at ein god kontrakt må bytast ut med ein dårlegare kontrakt
- Administrativ risiko Samlerisiko for system, personar og interaksjonar mellom dei.
- Clearing Børsen (Nasdaq OMX commodities) vert mellomledd og tek bort motpartsrisikoen ved handel
- Månadsblokkmodell Tabell utarbeidd av NVE som bestemmer den månadsvise fordelinga av konsesjonskraftmengde i kalenderåret.
- Rebalansering Kjøp eller sal av kvartals- og månadsprodukt for å sikre krafta etter månadsblokkmodellen
- Områdepriserisiko Den fysiske krafta vert levert i NO2 (Sør-Noreg), mens handel på Nasdaq OMX commodities vert på systemprisen. Prisforskjellen blir kalla områdepriserisiko

ORGANISERING AV KRAFTHANDELEN

Krafthandelen skal optimaliserast innafor fastsette rammer og mynde. Handelen er difor delt i ulike porteføljar. Porteføljar som femnar om sikringsposisjonar skal skiljast frå porteføljar som inneheld risiko.

Side | 3

Alle finansielle kontraktar som KIKS gjer skal gjennomgå clearing på NASDAQ OMX commodities Europe dersom ein ikkje har avtalt anna. Dette vert gjort for å eliminere motpartsrisiko. Dersom clearing ikkje kan gjennomførast, skal motparten vurderast og godkjennast av styret før kontrakten er endeleg.

SIKRINGSSTRATEGIAR

KIKS sin sikringsstrategi tek utgangspunkt i jamn sikring som startar 1.oktober tre år før budsjettåret. Sikringsgraden aukar jamt for kvar handledag og bli sett til 95 % den 1.oktober før leveringsåret startar. Dagleg leiar kan avvike frå jamn sikring med inntil +/- 5 %. Dette gir ein sikringsgrad for leveringsåret mellom 90 % og 100 % og skal ligge i det intervallet heile leveringsåret under eitt.

Sikring skjer som handel etter ordre.

Sikringa skal rebalanserast slik at den månadlege sikringa er mest mogeleg lik månadsblokkmodellen. Gjennomføringa av rebalansering er delegert til dagleg leiar.

Dersom den venta prisutviklinga skil seg frå marknadsprisen med minst 4,0 €/MWh, kan dagleg leiar sjå vekk frå normalstrategien. Aktuelt utfallsrom skal vere ein del av vurderingane. Dersom dagleg leiar ser vekk frå normalstrategien, kan sikringa skilje seg frå normal sikring med inntil 33 %. Dagleg leiar har også avgjerdsrett til å normalisere sikringsgraden.

Valutasikring skal gjennomførast samtidig med kvar sikringshandel. Dette gjeld også ekstraordinære sikringshandlar.

Områderisiko skal normalt ikkje sikrast, men status mot budsjetttramma skal rapporterast til styret og porteføljeutvalet kvar månad.

Dersom noteringa på Nasdaq OMX for vedkomande produkt gjev ei sannsynleg brutto inntekt på 35 øre/kWh eller meir, kan dagleg leiar lukke opne posisjonar heilt eller delvis. Det skal ikkje takast omsyn til områderisiko i denne vurderinga. Dagleg leiar skal grunngje eiga avgjerd.

Rammer for risikoporteføljar

I tillegg til sikringshandlar kan KIKS ta risiko for eiga reikning. Endeleg risikokapital for vedkomande år vert vedteke i kvart budsjett.

Total risiko for KIKS kan delast i fleire porteføljar. Dagleg leiar får fullmakt til å fastsetje om porteføljen skal delast og korleis den eventuelt skal delast.

Open posisjon skal følgje Nasdaq OMX sin utrekningsmetode for marginkrav. Den opne posisjonen for denne risikoporteføljen må aldri vere meir enn 50 % av maksimalt tap (stop loss).

ANSVAR OG KOMPETANSE

Dagleg leiar er ansvarleg for å organisere krafthandel, jf. gjeldande beredskapsplan.

Controller skal sjå til at oppfølging og rapportering skjer i samsvar med reglement.

RAPPORTERING OG DOKUMENTASJON

Dagleg leiar er ansvarleg for all rapportering.

Styret skal kvar månad, med unntak for juni månad, få rapportar som syner:

- Resultatet av den totale kraftomsetninga
- Totalresultat med separat resultat for sikringshandel og aktiv forvaltning alternativt rådgjevande trading.
- Status områderisiko og rest avsett budsjetttramme
- Dei eventuelle vedtaka dagleg leiar har gjort i samsvar med delegert mynde heimla i denne risikostrategien og dei økonomiske resultata desse vedtaka har ført til.
- Mogelege avvik mellom sikringsstrategi og dei sikringshandlane som er gjennomførte.
- Rebalansering med resultat.

Rapporten skal også stadfeste at sum transaksjonar til kvar tid ligg innafor fastsette rammer eller heimla i delegert mynde etter denne risikostrategien. Dersom grensene ikkje er haldne, skal dette rapporterast til styreleiar.


Kommentarar og forklaringar til risikostrategien

Sikringsgrad

Sikringsgraden har tidlegare vore satt ut ifrå volumrisiko, då ein kan risikere ikkje å få levert krafta. Dette har ikkje skjedd i KIKS si 30 år lange historie. KIKS har og opparbeidd seg ein reservekapital som kan dekkje evt tap ved å vere oversikra på kraft ein ikkje får levert. Omsyn til volumrisiko tas bort frå risikostrategien.


Grunngjevinga om 95% sikring 1/10 før leveringsåret er fyst og fremst å sikre deltakarane pårekelege inntekter. Grunnen til at den ikkje er satt til 100%, er at KIKS får levert krafta etter månadsblokkmodellen, og ein 100% sikring vil føre til at ein ikkje får sikra rette månader og får ekstra kostnader med rebalansering.

Tabellen under syner at 01.04.2015 er KIKS allereie sikra opp mot 130% på sumarmånadar i 2016. Handel av kvartalprodukt langt fram er lite likvid og månadsprodukt kan kun handlast 6 månadar i forvegen.




Risikostrategi

Dagens risikostrategi seier ein skal sikre 1/12 kvart kvartal 3 år før 1.10 før leveringsår. Dette gjer at ein må handle ganske jamt og legg samstundes opp til at krafthandlar kan ha marknadssyn innad i kvartalet. Problemet med denne strategien vart tydeleg 31.03.2015 når krafthandlar forventa ein nedgang i prisane og 1.4 var ein lite likvid dag (onsdag i påska). Kvartalet vart ferdig sikra og krafthandlar kunne ikkje sikre meir. Men 1.april startar nytt kvartal og krafthandlar kan sele for 40 millionar på ein dag om han vil. Sjå tabell




Ved å introdusere sikringsband, tek ein vekk denne unaturlege begrensninga, samstundes som krafthandlar må handle gradvis i sikringsperioden. Sikringsband må vere tilstades fordi ein ikkje kan sele små kvanta (minimum 1MW), og ein kan i periodar oppleve dårleg likviditet som grunnlag for å ikkje sikre. Vidare gir bandet moglegheit for at krafthandlar kan ha marknadssyn. Forslaget er at dagleg leiar får fullmakt til eit sikringsband som er 5% opp/ned frå benchmark. Vidare vil dagleg leiar kunne innskrenke dette bandet til krafthandlar og samstundes definere eit band kor krafthandlar må rapportere kvifor det er avvik frå benchmark. Sjå tabell



Her ligg sikringa innafør 5% bandet, men i ein periode i november ligg det undersikra og må rapporterast kvifor.

Med denne strategien kan ein enkelt måle om krafthandlar slår jamn sikring, ein sikrar pårekelege inntekter og rapportering skal gå greitt. Det vurderast og som pedagogisk greitt å forklare.

Her kjem ein tabell som syn er forskjellen på ny og gammel strategi:



Bilaterale handlar

Ein legg opp til at bilaterale handlar må styrebehandlast.

Sikringshorisont

Vurderingane som vert lagt til grunn i førre strategi vart gode, og ein har ikkje noko grunnlag for å endre sikringshorisonten. Forslaget er å la han vere på 3 år. Bilaterale handlar kan ha lengre sikringshorisont, men dei må uansett styrebehandlast.

Nok er nok

På kva pris vert deltakarane så nøgd at ein skal sikre heile volumet? Det har tidlegare vore 35 øre/KWh netto. Forslaget no går på 35 øre/KWh brutto (altså rein kraftpris utan å trekke frå kostnadar).

Grunnlaget for å endre til brutto er at deltakarane har forskjellige kostnadar, og definisjonen om netto gjer at nok er nok virkar inn på forskjellige nivå for kvar deltakar.

Grunnlaget for å senke prisen på nok er nok er fordi marknaden har falt mykje dei siste åra. Beløpet på 35 øre/KWh brutto kjem frå markedskraft sine prognosar, der ein nyttar deiras høgaste prisprognose, trukken ifrå ca 10%.

Valle, 29.05.2015

Glenn Qvam Håkonsen

Saksframlegg

Konsesjonskraft IKS

<i>Saksnummer</i>	<i>Utval</i>	<i>Møtedato</i>
44/15	KIKS - Styret	05.06.2015
9/15	KIKS - Representantskapet	19.06.2015

Budsjettrevisjon juni 2015

Dagleg leiar tilrår:

Revidert budsjett vert vedteke i samsvar med vedlagte rekneark dagsett 25/5 2015

Saksprotokoll i KIKS - Styret - 05.06.2015

Handsaming:

Dagleg leiar orienterte.

Tilrådinga blei samrøystes vedtatt.

Vedtak:

Revidert budsjett vert vedteke i samsvar med vedlagte rekneark dagsett 25/5 2015.

Saksutgreiing:

1. Bakgrunn for saka

Styret og representantskapet får oppdateringar gjennom tertialrapportar pr 1/5 og 1/9. Budsjett 2015 var tufta på føresetnader om pris og volum for Vest-Agder deltakarane som ein fram til i dag har arbeidd for å få avklåra.

2. Saksopplysningar

Eg viser til eiga referatsak vedrørande rekneskap 2015/tertialrapport pr 1/5 2015.

Konsesjonskraftvolum:

Øksendalsoverføringa førte til at Sira-Kvina kraftselskap med verknad frå 1/1 2015 leverer ytterlegare 2157 MWh- totalt volum 2015 er på 859 592 MWh. Alt er

kontraktsfesta anten gjennom kontraktar der KIKS er part, eller gjennom kontraktar som KIKS forvalter.

Kjøpskostnadene er marginalt redusert både når det gjeld OED-prisen, sjølvkostpris Sira-Kvina kraftselskap og fastleddet i sentralnettet i høve til vedteke budsjett

Prisnivået på elektrisk kraft har jamt over vorte redusert hittil i år; av di KIKS var tilnærma ferdig med prissikringa 1.oktober 2015, har dette hatt marginal innverknad på inntektene våre for inneverande år. Dette vil det bli gjort greie for i samband med rapport krafthandel.

Prognose Kvinesdal kommune er redusert med om lag kr 400.000 grunna redusert anslag forbruk til alminneleg forsyning; elles er ingen prognoser endra.

Grunna lågare kjøpskostnader er samla avsettingar til reservekapital no kalkulert til kr 14,4 mill. Denne avsettinga er og ein buffer i høve mogeleg auka negativ områdepris. Budsjettert avsetting konsesjonskraft Sira-Kvina grunna eit mogeleg vedtak frå OED med tilbakeverkande kraft skal vurderast nærare av styret med sikte på ei handsaming i representantskapet i desembermøtet 2015.

Styret har teke initiativ til ein grundig gjennomgong av prisberekninga på konsesjonskraft frå Sira-Kvina utbyggingen. Dagleg leiar meiner at prisberekningane er for høge og at dette går attende til 2003. Dette arbeidet kan føre til kostnader til ekstern bistand utover det som er budsjettert.

NVE har i mai oversendt klagesak på utrekninga av konsesjonskraftvolumet i Sira-kvina utbyggingen med tilråding til OED.

Oppfølginga av dette kan og føre til kostnader utover det som er budsjettert.

3. Vurdering

Utgiftsramma er tilrådd auka med 1 mill kr til bruk av hydrologisk og juridisk rådgjevar til naudsynt oppfølging av kraftgrunnlag og konsesjonskraftpris Sira-kvina kraftselskap.

Valle, den 26.05.2015

Arne Tronsen
dagleg leiar

Vedlegg

- 1 Framlegg revidert budsjett 2015
- 2 Inntektsprognose 2015

Konsesjonskraft IKS

Utkast til revidert budsjett basert på utkast til revidert budsjett for justeringar (dette betyr at vi nærmar oss noko)

Tilråding

Budsjett	Regnskap 2013	Revisjon november 2014	2015	2016	2017	2018
Driftsinntekter						
Sal av kraft Aust-Agder	206 280	198 228	182 966	177 000	159 000	151 000
Sal av kraft Vest-Agder			79 503	76 000	74 000	75 000
Meirverdi brukstid	2 764	1000	2 700	2 700	2 700	2 700
Områdepris	-2 917	(10 000)	-13 800	-10 000	-10 000	-10 000
Trading		(1 000)	-250	0	0	0
Sum driftsinntekter	206 127	188 228	251 119	245 700	225 700	218 700
Driftsutgifter						
Lønskostnader inkl arbgavg og pensjon(1)	1 822	2 450	3 345	3 550	3 550	3 550
Styret/representantskapet-godtgjering	136	300	350	350	350	350
Rekneskap og revisjon	334	480	400	400	400	400
Juridisk bistand	541	1 000	1 200	200	200	200
Hydrologisk bistand	50	400	200	200	100	100
Forvaltarhonorar	728	750	850	850	750	750
Gebyr spot	190	240	360	360	360	360
Gebyr ordinær sikring	130	290	440	440	440	440
Gebyr xtra ordinær sikring	0	100	300	300	300	300
Strategiplan	0	250	250	250	250	250
Kompetanseheving	0	0	100	100	100	100
Husleige/tenestekjøp	121	230	270	270	270	270
Leige maskiner	40	50	50	50	50	50
Reiseutgifter	131	400	350	350	350	350
Andre kontorutgifter	752	300	200	200	200	200
Controller	216	240	240	0	0	0
Møte	210	250	500	500	400	400
Gebyrer/kontingenter	250	190	200	200	200	200
Forsikringar	35	40	50	50	50	50
Til rådvælde for styret		115	115	115	115	115
Sum driftsutgifter	5 686	8 075	9 770	8 735	8 435	8 435
Kjøp av kraft Aust-Agder	62 517	64 800	65 316	76 118	77 700	80 815
Kjøp av kraft Vest-Agder			35 625	39 129	40 497	41 866
Sum varekostnad	62 517	64 800	100 941	115 247	118 197	122 681
Til utbetaling Aust-Agder 3årig snitt	132 945	112 524	96 096	85 500	84 800	82 000
Utbetalast deltakarane Vest-Agder			31 749	29 983	29 520	28 372
Sum driftsutgifter og utbetaling deltakere	201 148	185 399	238 556	239 465	240 952	241 488
Netto driftsinntekt	4 979	2 829	12 563	6 235	-15 252	-22 788
Finansinntekter						
Renteinntekter likviditet	1 600	1 350	1 300	1 300	1 300	1 300
Inntekter plassering av reservekapital	3 814	2 750	1 800	1 800	1 800	1 800
Sum finansinntekter	5 414	4 100	3 100	3 100	3 100	3 100
Finansutgifter						
Garantikostnader	45	100	500	500	500	500
Disagio	193	500	750	750	750	750
Sum finansutgifter	238	600	1 250	1 250	1 250	1 250
Netto finansutgift	-5 176	-3 500	-1 850	-1 850	-1 850	-1 850
Inntektsføring driftsfond		1 278				
Domslutning Saudal		850				
Overskott før avsetning til reservekapital	10 155	8 457	14 413	8 085	-13 402	-20 938
Avsett reservekapital Vest-Agder			-2 888	-1 679	-1 554	-1 493
Reserve sjølvkost Mandalsvassdraget				-1 912	0	0
Avsett finansinntekt		2 450	-1 850	-1 850	-1 850	-1 850
Avsett reservekapital AA	10 125	7 000	-7 164	-1 835	16 948	24 125
Avsetning Sira-kvina avvik			-2 500	-1 835	-2 200	-2 000
Dekning tap trading		-1 000				
Overskott	30	7	11	-1 026	-2 058	-2 156

Beløpet er tufta på røynsler

I samsvar med noverande forvaltningsavtale

Basert på noverande gebyrsatsar og eksisterande volum

Basert på noverande gebyrsatsar og eksisterande volum

Ramme for avvikshandel tilsvarande 600 GWh

I samsvar med strategiplan

Gjeld ,reise,diett leigebil og overnattingsutgifter

Gjeld materiell, telefon, og tilskippingar

I samsvar med avtale Aust-Agder fylkeskommune

ATR

VA AA
Nto inntekt kr 24,8 75,2
SMS
SMS

Behovet er avhengig av prisutviklinga og kan difor måtte justerast

Det er behov for å selje euro tilsvarande 50 mill kr og det er ein

liten differanse mellom kjøpskurs og salskurs

ATR

ATR

ATR

Valle 26/5 2015
Arne Tronsen

Valle 4/11 2014
Arne Tronsen
dagleg leiar

Vest Agder												Totalt
Fordeling av inntekter og driftsutgifter mellom kommuner og fylke												
	2015											
	Fylket	Kvinesdal	Sirdal	Åseral	Audnedal	Flekkefjord	Hægebostad	Kristiansand	Lindesnes	Vennesla	Marnadal	
Inntekt	23 840 862	5 233 749	1 565 954	4 551 634	403 614	1 954 890	32 306	85 697	251 548	4 529 532	2 289 502	44 739 286
Driftsutgifter (-)	1 432 744	314 528	94 108	273 536	24 256	117 481	1 941	5 150	15 117	272 207	137 590	2 688 658
Områderisiko (-)	2 510 607	551 150	164 906	479 318	42 503	205 863	3 402	9 025	26 490	476 991	241 100	4 711 355
Merverd.Brukstid (+)	491 206	107 834	32 264	93 780	8 316	40 278	666	1 766	5 183	93 324	47 172	921 787
Trading (+)	-36 662	-8 048	-2 408	-6 999	-621	-3 006	-50	-132	-387	-6 965	-3 521	-68 799
Sum inntekter	20 352 055	4 467 856	1 336 796	3 885 560	344 550	1 668 817	27 579	73 157	214 737	3 866 692	1 954 462	38 192 261
Mulig auka avsetning	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Avsetning Sirakvina	2 149 510	369 467										2 518 977
Avsettes reservekapital	1 017 603	223 393	66 840	194 278	17 227	83 441	1 379	3 658	10 737	193 335	97 723	1 909 613
Ny prognose	17 184 942	3 874 996	1 269 956	3 691 282	327 322	1 585 376	26 200	69 499	204 000	3 673 358	1 856 739	33 763 671
Periodisering frå 2014	373 019	81 888	24 501	71 216	6 315	30 587	505	1 341	3 936	70 870	35 822	700 000
Prognose	16 811 923	3 793 108	1 245 455	3 620 066	321 007	1 554 789	25 694	68 158	200 064	3 602 488	1 820 917	33 063 671
	386 923	-640 892	341 455	224 066	74 007	48 789	3 694	158	25 064	143 488	371 917	
